

# Oversyn over arbeid med arkiv i samband med ny kommunestruktur – Radøy kommune

---

*Dette er eit kortfatta oversyn over arbeidet som er gjort i samband med komande kommunesamanslåing. Rapporten viser resultat av innsamla opplysningar, oversyn over arbeidstid med meir.*

Første møte med «Interkommunalt arkiv i Hordaland», i samband med kommunesamanslåing, var 13.12.2016. Konklusjonen var som følgjande: I samband med kommunesamanslåinga er det eit stort arbeid som må gjerast med å avslutte arkiva for Radøy kommune. Dette skal føregå samstundes som den daglege drifta går, og ein startar opp arbeidet med å byggje ein ny kommune.

Det vart i 2016 avlevert arkiv for perioden 1965-1990 til IKAH, på til 70 hyllemeter. Kommunen har no avlevert til saman 195 meter arkiv. Det gjenstår om lag 391 hyllemeter «restarkiv» som skal ryddast og klargjerast for avlevering til IKAH innan kommunane slår seg saman i 2020. Arkivmaterialet levert i 2016 var ein mykje lettare jobb, enn det «restarkivet» som gjenstår. Dette fordi materialet låg inn under ein leveringsavtale der dokumenta vart rydda, systemaisert og listeført av IKAH. Ved levering av restarkiv vil me måtte gjere heile jobben sjølv.

I tillegg til papirarkivet er det digitalt arkiv og elektroniske system som skal avluttast og avleverast. Sistnemnde har selskapet Karabin gjort eit kartleggingsarbeid på.

Oppsummert vil dette seie at det er arkiv for over 30 år som skal ryddast og avsluttast i løpet av 2 år.

Utan at det er utarbeidd ein rapport og analyse av arkivet har IKAH, ved Rune Lothe, gjort eit grovoverslag og stipulerer dette til å kunne koste 4,5 millionar eller om lag 5 årsverk.

Det er heller ikkje gjort eit «testuttrekk» for Noark4-system nytta i kommunen frå 2001 . Det er uvisst kva utgifter etterarbeidet med desse systema vil generere.

Byggesaksarkivet, som i stor grad er på papir, skal digitaliserast i løpet av perioden fram til 2020. Det er gjort avtale med Dansk Scanning om denne jobben. Her er det sett av eigne midlar (1,2 mill) i kommunen sitt budsjett for 2018.

Det er vanskeleg å kome med eit eksakt mål på tal av timar av jobben som er gjort til no. Om me reknar møter, tid brukt på registrering av restarkiv med meir, vil eg anta at det lagt ned om lag 60 timar fram til 30.11.2017.